

Referat frå vidaregåande kurs i soppkunnskap 12.–14. september 2003

Kurset blei holdt ved Hemmingstad kultursenter, Haugesund, og starta med samling fredag med gjennomgang av medbrakt soppmateriale. Anna-Elise Torkelsen - eller som ho seier: Lillemor blant vene - var komen frå Oslo for å vere fagansvareleg for kurset. I tillegg var det 15 deltagarar. Alle desse hadde soppakunningeksamen (13 stk) eller spesiell høg sopkompetanse (2 stk). Det var 1 deltagar frå Stord, 2 frå Bømlo og 1 frå Sandnes mens resten var frå Haugalandet.

Ved gjennomgangen fredagen blei det lagt vekt på rørysopp og risker. Rundt 10 forkjellige risker blei demonstrert. Lillemor hadde elles med Beisk rørysopp (*Boletus calopus*) og Sauesopp (*Albatrellus ovinus*) for demonstrasjon. Asbjørn frå Bømlo hadde med seg ein fin samling av vokssoppar (inkludert den sjeldne og raudlista Raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*)) som han engasjert demonstrerte + Silkesnyltbehatt (*Aserophora parasitica*). Han hadde også med seg Hasselriske (*Lactarius pyrogalus*) og Eikeriske (*Lactarius quietus*) som det finneste rikeleg av i lokalmiljøet hans. Det mest spesielle han hadde med seg var Rosenraud vokshatt, som berre er registrert 1 gong tidlegare i Noreg.

Lørdagen reiste me først på eksursjon til Spissøya på Bømlo. Det blei ein fantastisk dag med sol og nydeleg haustvær. Turen gjekk i lauvskog og noko barskog forutan beitemark. Me fekk ei nydeleg naturoppleveling i tillegg til det sopfaglege - ikkje minst med sildrande bekkar gjennom mose og bregner i ei fjellside i tett lauvskog ned mot sjøen. Det blei funnen ein del kremlar og musserongar og døme på sopp av edel art. Av det meir spesielle blei det funnen Smal sopplukke (*Cordyceps ophioglossoides*) og Beltekolsopp (*Daldinia childiae*).

I gjennomgangen på ettermiddagen blei det lagt vekt på kremlar og musserongar. Eg har notert i alt 14 forskjellige kremlar som blei klassifisert + fleire som ein måtte ha særkompetanse for å klassifisere. I alt 8 musserongar blei også klassifiserte. Størst forekomst var det av Silkemusserong (*Tricholoma columbetta*) og Broka musserong (*Tricholoma luridum*) men også Bjørkemusserong (*Tricholoma fulvum*) var rimeleg hyppig.

Søndagen starta me før klokka 10 med tur til Haukås i Sveio. Sola var forsvunnen, men med god temperatur og fråvær av regn, blei denne dagen også fin. Terrenget var vekslande bar- og lauvskog, og innimellan edellauvskog. Nokre fekk matauk med Olivenbrun vokssopp (*Hygrophorus olivaceoalbus*) og Stubbeskjellsopp (*Pholiota mutabilis*), men elles var artsutvalet ikkje så stort denne dagen. Ved gjennomgangen på ettermiddagen blei det også teke opp sopp frå tidlegare dagars funn med vekt på skivesoppar. Slørssoppar fann me fleire av og det blei demonstrert likheten mellom Spiss giftslørssopp (*Cortinarius rubellus*) og Oransjeslørssopp (*Cortinarius limonius*) forutan den artige

Pelargoniumslørssoppen (*Cortinarius paleaceus*). Lillemor demonstrerte Oksetungesopp (*Fistulina hepatica*) og Flatklokkehatt (*Galerina marginata*) som ho hadde med frå Austlandet. Av mindre vanlege soppar som var blitt funnen under kurset, kan nemnast Gul fluesopp (*Amanita citrina*) og Grå fluesopp (*Amanita spissa*), "Hekse-egg" = Stanksopp (*Phallus impudicus*) og Svartkvit sølvpigg (*Phellodon melaleucus*). Det blir elles utarbeida ei eigen artsliste over alle soppane som blei funnen og demonstrert/kommentert under dette kurset - og det var ikkje få!

Totalt sett fekk me derfor sjå eit rikt utval av lokal sopplora. Inntrykket som sitt igjen er at det var kjekt og inspirerande å samlast på denne måten - om ein blir litt "full" i hovudet til tider.

Ref: joj

Sopper vi gjennomgikk på kurs 12-14 september 2003

| Art | Sted |
|------------------------------|------------|
| Ospeskrubb | Spissøy |
| Granskrubb | |
| Eikeskrubb | |
| Brunskrubb | |
| Myrskrubb | |
| Svartskrubb | |
| Lerkesopp | |
| Smørsopp | |
| Seig kusopp - rosa sleipsopp | Tveitaskog |
| Sumpkusopp | |
| Pepperrørsopp | |
| Sandsopp | |
| Fløyelsrørsopp | |
| Svartbrun rørsopp | |
| Steinsopp | |
| Gallerørsopp | |
| Blodrørsopp | |
| Besk rørsopp | |
| Falsk kantarell | Moster |
| blek variant av kantarell | Spissøy |
| Traktkantarell | |
| Gul trompetkantarell | |
| Svart trompetsopp | Moster |
| Grå trompetkantarell | Spissøy |
| Slimmorkel | |
| Blek piggsopp | Spissøy |
| Rødgul piggsopp | Spissøy |
| Granmatriske | Tveitaskog |
| Blek skjeggriske | |
| Skjeggriske | |
| Rødbrun pepperriske | |
| Hulriske | |
| Eikeriske | |
| Søtrisker 2 typer | |
| Svartriske | |
| Mandelriske | |
| Hasselriske | Spissøy |
| Lodden hvitriske | |
| Fiolett svovelriske | |
| Lakrisriske | |
| Børkriske | |
| Mild gulkremle | |
| Stankkremle | |

| | |
|------------------------|------------|
| Marsipankremle | |
| Grønnkremle | |
| Broket kremle | |
| Nøttekremle | |
| Sildekremle | |
| Mandelkremle | |
| Giftkremle | |
| Blodkremle | |
| Grantårekremle | |
| Traktkremle | |
| Svartkremle | |
| Gråsvart kremle | |
| Mild gulkremle | |
| Bøkekremle | |
| Rød stubbemusserong | Spissøy |
| Silkemusserong | |
| Grå jordmusserong | Hanaleite |
| Gallemusserong | Sveio |
| Kastanjemusserong | Sveio |
| Skjeggmusserong | |
| Bitter riddermusserong | Sveio |
| Broket musserong | Tveitaskog |
| Sovelmusserong | |
| Ametystsopp | Tveitaskog |
| Finskjellet musserong | |
| Hvit knippesopp | |
| Gul fluesopp | Spissøy |
| Rødnende fluesopp | |
| Rød fluesopp | |
| Grå fluesopp | |
| Grå ringløs fluesopp | |
| Rosenrød vokshatt | Moster |
| Engvokssopp | Moster |
| Rødnende lutvokssopp | |
| Gul vokssopp | |
| Skarlagenvokssopp | Spissøy |
| Kjeglevokssopp | |
| Sleip vokssopp | |
| Olivenbrun vokssopp | Tveitaskog |
| ++ Diverse vokssopp | |
| Stubbeskjellsopp | Tveitaskog |
| Flatklokkehatt | Østlandet |
| Honningsopp | Tveitaskog |
| Besk svovelsopp | |
| Vanlig svovelsopp | |
| Svovelskjellsopp | |
| Oreskjellsopp | |
| Horngrå flathatt | |

| | |
|----------------------------|------------|
| Blek flathatt | Oslo |
| Rødkjellslørsopp | |
| Rødbelteslørsopp | |
| Orangeslørsopp | |
| Spiss giftslørsopp | Tveitaskog |
| Pelargoniumslørsopp | |
| Silketrevlesopp | |
| Vanlig Reddiksopp | Tveitaskog |
| Rimsopp | |
| Fingersopp | |
| Hvit knippesopp | |
| Knippesopp | |
| Silkesnyltehatt | Moster |
| Vorterøyksopp | |
| Stanksopp- hekseegg | |
| Oksetungesopp | Oslo |
| Rødkivesopp | |
| Åkersjampinjong | |
| Snøballsjampinjong | |
| Blodsjampinjong | |
| Mørk høstmørkel | |
| Grønnbegersopp - småsporet | |
| Krittøstersopp | Spissøy |
| Rustbrun pigg | Langevåg |
| Svarthvit sølvpigg | Langevåg |
| Fåresopp | Oslo |
| Smal soppklubbe | Spissøy |

Gunnbjørg Lomeland